

ØRSTA KOMMUNE – MILJØVERNLEIAREN

RAPPORT FRÅ FELTUNDERSØKING.

ra\elvemusl.ra

FØREMÅL: Undersøke utbreiing og bestandstettleik av elvemusling (*margaritifera margaritifera*) i Åmdalselva.

LOKALITET: Åmdalselva.

DATO: Undersøkinga vart utført i vinterhalvåret 1992/93.

UTFØRT AV: Gunnar Wangen, Oddvar Olsen

BAKGRUNN.

Bestanden av elvemusling i Åmdalselva har vore kjent på folkemunne i lange tider. Eldre folk kan fortelje om bestanden tidlegare, og personar som i dag er 30 - 40 år om at dei kjenner til muslingane frå leik og bading i sin barndom. M.a. er det fortalt at det var "sport" å fiske musling ved å stikke kjeppar inn mellom skjela slik at muslingen klappa skjela saman omkring kjeppen, og at laksefiskarar frå tid til anna kan få musling på kroken. Rasmus Ørstavik, som er ein sentral person innanfor den lokale jeger- og fiskeforeininga, og som over lang tid har vore svært godt kjent med vassdraget, kan fortelje at i tida etter senking av Bjørkdalselva (oppslamming av vatnet) var stor dødlegheit av musling, og at antal musling i elva vart sterkt redusert. Elvemuslingen er elles sårbar for forsuring og anna forureining, og den er sterkt truga i minst 15 land i Europa og har også gått tilbake i deler av Noreg. Elvemuslingen er tatt med i Bernkonvensjonens vedlegg III, i Red Data Book frå IUCN er den klassifisert som sårbar i eit globalt perspektiv. I den Norske rødlista "Truete arter i Norge" frå DN er elvemuslingen også karakterisert som sårbar. Utbreiinga i Noreg er berre delvis kartlagt, og det er gjort få undersøkingar på bestandane sin størrelse m.v. (Ref. Dag Dolmen og Jan Økland).

I eit notat frå miljøvernavdelinga ved Fylkesmannen, kunne det tyde på at det var ein tynn bestand i Åmdalselva. Denne registreringa var truleg gjort frå land, og på eit begrensa område.

MÅSETJING.

Føremålet med undersøkinga var å slå fast på kva

elvestrekningar elvemuslingen er utbreidd, og med kva bestandstettleik. På bakgrunn av usikre opplysingar om bestanden, kan denne undersøkinga danne referanse for seinare undersøkingar.

METODE.

To personar gjekk parallelt i elva med vadebukse. Vasskikkert vart brukt for å kunne sjå botnen på parti med straum og skum. I ein av lokalitetane der muslingane stod tettast, vart ei kasse med mål $0,5 \times 0,5\text{m}$ set ned, muslingane plukka opp i plastposar, og deretter telt på land. Muslingane vart deretter sett ut att i elva. På bakgrunn av erfaring frå førebels undersøking i elva i starten av undersøkinga, vart det skjønsmessig skilt mellom ulike bestandstettleikar:

- A (Raudt): Ca. 500 muslingar pr m^2
- B (Blått): Ca. 100 muslingar pr m^2
- C (Grønt): Ca. 7,5 muslingar pr m^2
- D (Gult): Ca. 0,1 muslingar pr m^2
- E (Utan farge): 0 (parti utan musling eller så spredt at det ikkje kan reknast som ein bestand)

RESULTAT.

Resultatet er kartmessig framstilt med fordeling på dei ulike bestandstettleikane angitt. Ein av dei tettaste lokalitetane vart telt slik som gjengitt ovanfor: Pr. kvadratmeter ga denne tellinga 600 individ. Det totale antal muslingar ut frå registreringane innanfor dei ulike kategoriane og måling av ca. areal frå kartet, er estimert til 1.638.574 individ, eller omlag 1,6 million individ. Det er sjølv sagt usikre berekningar, men om ein forsiktig går ut frå dette som eit omrentleg middeltal, kan ein anslå bestanden i størrelsesorden frå ein til to millionar individ. Dette høyrest ut som eit svært høgt tal, men sjølv store bestandar kan raskt verte slått ut dersom miljøet vert endra i ugunstig retning på ein eller annan måte.

Totalt var omlag 54.250 m^2 elveflate undersøkt. Gjennomsnittleg tettleik fordelt på heile arealet er 30 stk musling pr. m^2 .

Under tellinga med bruk av vasskikkert kunne ein slå fast at elvemuslingen også står i djupe hølar, t.d. på omlag 2m djup, og på enkelte elvestrekningar også i dei stride stryka berre der var eit lite område med mindre stein i botnen.

Det var ikkje systematisk registrert innslaget av unge individ, men det var påvist unge muslingar på 3-4cm. størrelse. Det store fleirtal var relativt vaksne individ. Det er slik truleg reproduksjon i bestanden, men dette er ikkje sikkert undersøkt.


Groingstilstanden i elva er truleg betre i dag enn for nokre


år tilbake. Fortsatt kan ein likevel sjå teikn til groing, og ein del punktutslepp var registrert under tellinga. Dette er munnleg teke opp med landbrukskontoret.

Etter oppslag i pressa om dette tiltaket, her ein fått rapportar om tidlegare bestandar i Bjørdalselva og i Bondalselva. Kor vidt der fortsatt er musling i desse elvane, vil verte undersøkt som eit neste steg i løpet av vinteren/våren.

Ørsta, den 1. februar 1993

G.Wangen
Gunnar Wangen
-Miljøvernleiari-





A = RAUDT : 500

B = BLÅTT : 100

C = GRØNT : 7,5

D = GULT : 0,1

E = UTAN FARGE: 0

29/1-93

G10

